Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Vår dato:	Vår ref:
16.05.2022	2022/5275
Dykkar dato:	Dykkar ref:

Villreinnemnda NFR
Adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hermund Mjelstad, 5764 3124

Møtebok 20-21.04.2022 Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Stad: Park hotell Vossevangen, Voss
Dato: 20-21. april 2022

Frammøtte frå nemnda: Runar Tufto (20.04), Olav J. Bøtun, Per-Are Halstensgard, Terje Terum, Gunhild Damstuen, Morten Samskott, Linda Neset, Ragnhild Kvernberg, Ola Dusegard Kristensen (vara Ål).
Forfall: Petter Sortland, Caroline Myster.
Frammøtte frå villreinutvala 21. april: Håkon Øydvin, Harald Skjerdal, Sigurd Vikesland

Sekretariat:
Hermund Mjelstad - Statsforvaltaren
Alf Erik Røyrvik – Statsforvaltaren

Andre:
Lars Nesse - CWD koordinator
Siri Bøthun - Fagkonsulent

Sakliste

1/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Merknad Olav:
Utvalet burde vere her å presentere revidert bestandsplan for Fjellheimen

E-postadresse: sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding: www.statsforvaltaren.no/melding
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Villreinnemnda leiar: Runar Tufto, 3576 Hol, Tlf. 90177702, E-post: rtufto@gmail.com
Sakshandsamar: Hermund Mjelstad, Tlf. 57643124, fmsfhm@statsforvalteren.no

Tillegg til sakliste:
Sak om revidering av vasskraftsaker inn under Eventuelt 13/22 a.

Vedtak:
Innkalling og sakliste vart godkjent med merknader og sak under Eventuelt.

2/22 Val av møteleiar

Vedtak:
Runar Tufto vart valt til møteleiar.

Merknad:
Olav Bøtun vart valt som møteleiar for dag 2, sidan Tufto hadde forfall dag 2.

3/22 Årsmelding 2021

Handsaming i møte:
Ønske frå nemnda om å få oppdatert og ajourført informasjonen om nemnda på villrein.no. Denne sida kan brukast meir aktivt og vere ei erstatning for å skrive årsmelding kvart år.

Vedtak:
Det vart ikkje lagt fram årsmelding for 2021.
Nemnda vedtok at nettsida til nemnda skal brukast meir aktivt og den skal erstatte dei årsmeldingane som tidlegare har vore skrive.
I tillegg skal det i framtida skrivast ei kort årsmelding som oppsummerer arbeidet i nemnda.

4/22 Økonomirapport 2021 og rapport 2022

Handsaming i møte:
Sekretær presenterte oversikt over økonomisk forbruk i 2021 og budsjett for 2022.
Nemnda diskuterte kort tilbakeføring av fellingsavgift til villreinutvala.

Vedtak:
Fellingsavgift for 2021 vert tilbakeført til utvala.

Nemnda vedtok å legge inn ein diversepost på kr 50.000 i budsjettet. Kan nyttast til dømes til folkemøte om CWD/reetablering, informasjonsmøte med kommunestyra om kvalitetsnormen og eksterne føredragshaldarar.

Med desse merknadane og endringane godkjende nemnda økonomirapport for 2021 og vedtok budsjett for 2022.

Merknad til vedtak:
Nemnda er bekymra for den økonomiske situasjonen for villreinutvalet i Nordfjella som følge av manglande inntekter i perioden utan jakt.

Sekretariatet undersøkjer kva rom nemnda har til å hjelpe utvalet. Nemnda sender eit signal til Miljødirektoratet om at det er viktig at det offentlege stiller opp og hjelper utvalet etter at det offentlege vedtok nedskyting av stammen.

5/22 Søknad om endring av vald, Raudafjell

Forslag frå nemnda, v/leiar:
Saka vert utsett til haustmøte 2022.
Grunngjeving: Saka er for dårleg utgreia og at det manglar vesentleg informasjon for å ta stilling til saka.

Vedtak:
Saka vert utsett til haustmøte 2022.

Grunngjeving for vedtaket:
Saka er for dårleg utgreia og at det manglar vesentleg informasjon for å ta stilling til saka.

6/22 Godkjenning av revidert bestandsplan for Fjellheimen

Framlegg til vedtak frå nemnda:
Saka vert utsett til haustmøtet 2022.
Det er ønskje om at dokumentet vert gjort meir ferdig enn det som i dag ligg føre, og at utvalet presenterer bestandsplan på haustmøtet.

Vedtak:
Saka vert utsett til haustmøtet 2022.
Bestandsplanen kom for seint inn til nemnda og kunne derfor ikkje handsamast i møte. Det er ønskje om at utvalet presenterer bestandsplan på haustmøtet.

Merknad til vedtaket:
Nemnda er bekymra for utviklinga i stammen i Fjellheimen, og oppmodar utvalet om å få gjennomført gode og sikre strukturteljingar og prøve å finne årsak til manglande auke i stammen.

7/22 Orienteringssaker

Handsaming i møte:
Leiar og sekretær orienterte om
- vedtak frå Miljødirektoratet om å merke inntil 10 rein i Nordfjella
- uønska hending der ein bukk dauda kort tid etter merking
- kommunedelplan for naturmangfald i Hol kommune
- innspel til planprogram for revisjon av arealdelen i k.planen i Hol kommune
- sak om riving og oppattbygging av jakt- og fiskehytte ved Julsenvatnet i Ål kommune

Vedtak:
Nemnda sender eit brev til Miljødirektoratet der ein tek opp bekymringa kring merking, uro og dyrevelferd. Særleg aktuelt er dette i år med utfordrande ver og beitetilhøve, og i område med relativt små bestandar som t.d. Nordfjella.
Nemnda ber Mdir vurdere andre metoder og utstyr for merking, til dømes å kunne merke frå bakken kombinert med overvaking med drone. Nemnda vil gjerne ha ein god dialog med Mdir om dette til det beste for villreinen i Nordfjella, og ønskjer at lokale ressursar får vere med å bidra under merking.
Nemnda vil og gjerne ha litt statistikk på dødligheit i tilknyting til merking og belastinga av å bere klave, og om erfaring med at dyr med klave vert mobba, utstøtt eller får unormal åtferd som følgje av merking?

Nemnda tek orienteringane til vitande, med dei merknadar som kom inn i samband med merking av dyr.

Tillegg etter dialog med Miljødirektoratet 21.4
Nemnda skal ha eit møte med Miljødirektoratet på førjulsvinteren for å få informasjon om behovet for merking komande vinter og planlegging av denne. Møtet kan gjerne vere i samband med nemnda sitt haustmøte 27. oktober om mogleg.

8/22 Organisering av arbeidet i nemnda og samhandling med sekretær

Handsaming i møte:
Sekretær gjekk gjennom saka og la fram framlegg til prosedyre.

Tillegg til prosedyre:
Legge inn punkt om mandatet til ulike arbeidsutval.

Vedtak:
Nemnda vedtok gjeldande ordning som presentert i sakspapira, med merknad.

9/22 Møteplan 2022 – 2023

Vedtak:
Haustmøte 2022 vert 27.oktober.

Vårmøte 2023 vert 19-20.april

Sekretariat og leiar kjem tilbake med meir detaljert informasjon om stad og tema for møta.

10/22 Fellingskvote for Raudafjell villreinområde

Framlegg til vedtak:
Med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 28 fastset villreinnemnda ein fellingskvote på 25 dyr til Raudafjell villreinområde for jaktåret 2022. Kvoten blir tildelt som 15 bukkeløyve, 5 simleløyve og 5 kalveløyve.

Vedtak:
Med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 28 fastset villreinnemnda ein fellingskvote på 25 dyr til Raudafjell villreinområde for jaktåret 2022. Kvoten blir tildelt som 15 bukkeløyve, 5 simleløyve og 5 kalveløyve.

11/22 Fellingskvote for Fjellheimen villreinområde

Framlegg til vedtak:
Nemnda støtter vurderinga til villreinutvalet og vedtek fredning av bestanden i Fjellheimen i heile bestandsplanperioden, eller inntil bestanden har nådd bestandsmålet.

Vedtak:
Nemnda støttar vurderinga til villreinutvalet om å ikkje ha jakt i 2022, og tildeler ikkje kvote for Fjellheimen villreinområde (jamfør forskrift om forvaltning av hjortevilt § 29).

12/22 Fellingskvote for Nordfjella villreinområde

Framlegg til vedtak:
Med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 28 fastset villreinnemnda ein fellingskvote på 100 dyr til Nordfjella villreinområde (sone 2) for jaktåret 2022. Kvoten blir tildelt som 50 % bukk 2 ½ år og eldre, 25 % simle/ungdyr og 25 % kalv.

Vedtak:
Med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 28 fastset villreinnemnda ein fellingskvote på 100 dyr til Nordfjella villreinområde (sone 2) for jaktåret 2022. Kvoten blir tildelt som 50 % bukk 2 ½ år og eldre, 25 % simle/ungdyr og 25 % kalv.

13/22 Eventuelt

a. Krav om vilkårsrevisjon for Lærdalsvassdraget.

Handsaming i møte:
Siri Bøthun presenterte saka for nemnda. Det kom inn nokre merknader frå nemnda og utvalsleiarane.

Vedtak:
Nemnda vedtar å sende brev med krav om opning av vilkårsrevisjon for Lærdalsvassdraget, med dei merknader og endringar som kom fram i møte. Brevet vert sendt til NVE med kopi til Lærdal kommune.

b. **Raggsteindalen turisthytte ligger ute for sal.**
Miljødirektoratet har midlar tilgjengeleg til restaurering av villreinområde.
Nemnda oppmodar Miljødirektoratet om å kjøpe turisthytta for å legge den ned og sikre området som funksjonsområde for villrein.

Med helsing

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Runar Tufto
leiar

Hermund Mjelstad
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakerliste:
Per-Are Halstensgard
Terje Terum
Runar Tufto
Inger Helene Lervåg
Petter Sortland
Gunhild Damstuen
Morten Samskott
Linda Neset
Caroline Myster
Olav J. Bøtun
Ragnhild Kvernberg

Kopi til:
Solveig Roti Aasen
Kari Mørkve Jordalen
Ingrid Sponheim
Reidunn Bolstad
Ola Dusegard Kristensen
Håvard Engeset
Nina Dalen
Eirin Borlaug
Olav Grøttebø
Sveinung Tyssen Bergo
Olav Wollebæk

Miljødirektoratet
Mattilsynet
Fjellheimen villreinutval
Villreinnemnda for Hardangervidda-området
Aurland Fjellstyre
Raudafjell villreinutval